



Statens vegvesen

MASFJORDEN KOMMUNE
Austfjordvegen 2724

5981 MASFJORDNES

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Kurt Kåre Skagen / 57655796

Vår referanse:
21/268857-6

Dykkar referanse:
21/796 - 23/1545

Vår dato:
14.03.2023

Uttale ved offentlig ettersyn av reguleringsplan for Hosteland Vest i Masfjorden kommune

Vi viser til brev datert 13.02.23.

Føremålet med planarbeidet er å leggja til rette for om lag 50 bustader i form av einebustader og fleirmannsbustader, samt friluftsområde mot sjø og bryggjer. Planområdet består i dag av skogsområde og bart fjell. Planområdet er på ca. 212 dekar, og inkluderer deler av fylkesveg 570 i nord. Arealbruken avvik noko frå overordna plan.

Ved oppstart av planarbeidet hadde vi merknader knytt til kryss med fylkesvegen og trygg skuleveg. Dette er innarbeidd i planframlegget, og vi har ikkje merknader til planutkastet som no ligg føre, ut over ein kommentar knytt til sikt i avkøyrslar frå kommunal veg.

Avkøyrslar er vist med pil i plankartet, og av føresegnene går det fram at plasseringa kan justerast. Plankartet viser såleis ikkje siktretningar i avkøyrslar, og vi ber om at det i føresegnene blir stilt krav til sikt. Vegnormalane gjeld også for kommunale vegar, og vi viser til vår handbok N100, kap. 4.1.4.2 *Siktkrav*.

Transportforvaltning vest 1
Med helsing

Torun Emma Torheim
Seksjonsleiar

Kurt Skagen

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

VESTLAND FYLKESKOMMUNE, Postboks 7900, 5020 BERGEN

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim